

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: tirsdag 8. august 2023 11:43
Til: kjerstinkragseth@gmail.com
Emne: SAK 23/2403 - Gjeld krav om innsyn i epostkorrespondanse - Mjeldalen - Førebels svar, orientering

Hei, Kjerstin Kragseth

Kommunen syner til innsynskrav vedr. planinitiativ og dispensasjon/byggesak. Kravet gjeld e-postkorrespondanse mellom ordførar/kommunen og tiltakshavar i 2022 og 2023.

Innsynskravet gjeld arkivsakid 23/1360 (planinitiativet) og 22/3288 (dispensasjon/byggesak).

Ordførar Fjeldstad vil svare deg direkte kva han gjeld, men eg forstår at han etter kontroll ikkje har hatt slik e-postkorrespondanse og at det derfor ikkje er noko å gje innsyn i.

Vi undersøker no om nokon andre i administrasjonen har hatt e-postkorrespondanse med tiltakshavar ((Skjerping/Mjeldalen næringspark, ansvarleg søker og/eller forslagsstillar) som ikkje er journalført på nemnde arkivsakar. På grunn av feriefråvær og førespurnaden sin karakter, vil det kunne ta noko tid å sjekke ut dette. Eg kjem tilbake til deg når me har fått gjort naudsynte undersøkingar.

Beste helsing

Tore Johan Erstad

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



40 28 65 56

osteroy.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*